

---

**Fra:** Jon Askeland  
**Sendt:** 7. april 2015 09:24  
**Til:** Postmottak Radøy; Jarle Landås; Arthur Kleiveland; ole1974@icloud.com; akj@framo.no  
**Kopi:** Bente Kopperdal Hervik  
**Emne:** SV: Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.

God morgon, og vel overstått påske!

Eg vil for ordens skuld melda tilbake at merknaden er motteken, og den vart lagt fram i formannskapsmøtet den 26. mars.

Det er ikkje teke endeleg avgjerd i saka enno.

Kommune er oppteken av å få til ei løysing som både gjev turglede, og tek omsyn til naboane.

Eg rår til å kontakta Bente K Hervik, som er den som arbeider med løypa.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordførar  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Postmottak Radøy  
**Sendt:** 26. mars 2015 08:31  
**Til:** Jarle Landås; Jon Askeland; Arthur Kleiveland  
**Emne:** VS: Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Ole harald Johansen [<mailto:ole1974@icloud.com>]  
**Sendt:** 25. mars 2015 22:56  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** [akj@framo.no](mailto:akj@framo.no)  
**Emne:** Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.

Viser til Strilen sin omtale av framlegg til turløype i Manger sentrum av 25.03.2015 Dette vil bli drøfta i formannskapsmøte i morgon, og bed om at denne marknaden blir teken med.

Grunneigar i Grønålvegen 16, I dag Elsa og Gunnar Jordal Vil få denne turløypa tett inntil eigedomsgrensa, og må rekna med betydeleg støy, innsyn og truleg skjenerandes lys (?) frå stolpar langs løypa.

Manger sentrum er planregulert.

På det smalaste partiet står freda eiketrær, noko slik me ser detvanskeleggjer krav til løypeoppvegget.

Mvh

Elsa og Gunnar Jordal.